

# Sivilombodsmannen refsar Fusa kommune

Sivilombodsmann *Arne Fliflet* er ikkje nådig i sin kritikk av Fusa kommune si sakshandsaming i høve ei innsynsak.

Øyvind Strømmen

oyvind.strommen@osogfusa.no

12. mars 2007 bad «Os og Fusa-posten» om innsyn i eit dokument med opplysningar om advokatutgifter Fusa kommune hadde hatt i samband med ei konkret sak. Etter ei purring klaga avisa 27. juni og 10. oktober 2007 over sein sakshandsaming.

8. oktober vart det òg bede om innsyn i ei anna sak. Etter at avisa framleis ikkje hadde fått svar 6. desember vart det klaga til Fylkesmannen, og så vidare til Sivilombodsmannen 3. januar 2008. Sivilombodsmannen bad i eit brev av 16. januar 2008 om at Fusa kommune måtte gjera greie for den lange sakshandsamingstida og svara på når «Os og Fusa-posten» kunne venta seg eit svar på innsynskrava.

Sidan purra Sivilombodsmannen tre gongar etter svar frå Fusa kommune – fyrst 22. februar, sidan 17. mars og så 29. mai 2008. Fyrst 4. juni kom det svar frå kommunen.

– Som hovudregel innan tre dagar

Sivilombodsmann Arne Fliflet reagerer på den lange sakshandsamingstida. Han skriv blant anna:

“Kommunen si handsaming av det eine innsynskravet tok tre månader og det andre 14 månader. Kommunen har orsaka at handsamingstida har vore svært lang. Denne orsakinga er på sin plass. Det er grunn til å kritisere at sakene ikkje blei handsama raskare og at kommunen ikkje følgde opp sakene etter fleire klager frå avisa, etter at fylkesmannen hadde bedt kommunen avgjere innsynskrava eller kommunen mottok brevet frå ombodsmannen i januar. Handsaming av krav om innsyn må gis høg prioritet for å sikre at retten til innsyn etter offentlighetsloven blir effektiv og reell”.

I brevet frå Fliflet til Fusa kommune heiter det også: “Kommunen brukte om lag fem månader på å svare på brevet av 16. januar 2008 frå ombodsmannen. Eg minner i denne samanheng om at ombodsmannen har krav på å få dei opplysningane frå forvaltninga som han finn naudsynt, jf. ombuds-



Sivilombodsmann Arne Fliflet finn grunn til å kritisera Fusa kommune. (Foto: Jo Michael).

mannsloven 22. juni 1962 nr. 7. Stortinget har sagt at korrespondanse frå ombodsmannen skal bli gitt prioritet, både hos sentral- og kommunalforvaltninga. Fusa kommune si handsaming av brevet herfrå er ikkje i tråd med denne føresetnaden”.

– Finst inga orsaking

Ordførar i Fusa, *Hans S. Vindenes* (Sp), seier til «Os og Fusa-posten» at det ikkje finst noka orsaking for kritikken frå Sivilombodsmannen.

– Dette er rett og slett ikkje



Det hemmelege Fusa. (Ill.: Morten Holmeffjord)

## Meir dynamitt i Fusa

I etterkant av dei to dynamittfunna vi alt har skrive om i Fusa, har det kome fleire meldingar til lensmannskontoret om gammal dynamitt.

– No har vi slutta å tilkalla ekspertar frå Oslo, det går ikkje an når det vert så mange funn. Men vi har fått eit godkjent firma til å destruera det me finn eller får melding om heretter, seier *Ove Ivarhus* ved lensmannskontoret.

Ivarhus seier den relativt høge meldingsprosenten på gammal dynamitt har samanheng med våpenamnestiet som varer fram til 30. september.

– Gammal dynamitt er ikkje nett våpen, men er om lag i same kategori, så vi er bere glade for å få vita om slike fårlege saker. Og det står faktisk i våpenamnestiet at ein òg kan levera inn ammunisjon, gammalt sprengstoff og granatar i amnestiperioden.

I tillegg til skytevåpen kan ein levera inn andre fårlege våpen som elektrosjokkvåpen, springknivar, batongknivar, stiletter, slåsthanskar, batongar, karatepinnar, kastejern og blåserør for utskyting av piler, seier lensmannskontoret i Fusa.

Etter 1. oktober er det for seint. Vert ein då teken med ulovlege og uregistrerte våpen, kan det kvalifisera til straff frå to til fire år.

AMMH



– Det finst inga orsaking. Dette er rett og slett ikkje godt nok, seier ordførar *Hans S. Vindenes* (Sp). (Arkivfoto)

godt nok, seier han.

– *Kva vil du gjera for å betra Fusa kommune si handsaming av offentlegheitsspørsmål og for å betra offentleg innsyn generelt?*

– Eg har ved fleire høve teke dette opp med administrasjonsleiinga, og dei arbeider med å finna gode rutinar på dette. Kommunen skal ha høg prioritet på å imøtekoma retten til innsyn etter loven, seier ordføraren.

– Dette er noko eg vil stressa administrasjonen på slik at verken «Os og Fusa-posten» eller andre lyt klaga til Sivilombodsmannen for å få svar.

KJØTTDEIG AV KYLLING

GRILSTAD  
400 g.  
Pr. kg. 64,75

25<sup>90</sup>

NIDAR SOMMERFAVORITTER

NIDAR  
450 g.  
Pr. kg. 66,45

29<sup>90</sup>

LAKSEFILET AV VILL-LAKS

FRIENDSHIP  
4X125g.  
Pr. kg. 59,80

29<sup>90</sup> Pr. pk.

LETTVINT MIDDAGSSALAT

DOLE  
150 g.  
Pr. kg. 66,00

9<sup>90</sup>

NAKKEKOTELETT 59<sup>80</sup>

2 kg. frysevare. GILDE. Pr. kg. 29,90

POTETSALAT 9<sup>90</sup>


FIRST PRICE 800g. Pr. kg. 12,38

GRILLPØLSER 12<sup>90</sup>

SLAKTER\* N. 500 g. Pr. kg. 25,80

KOKT SOMMERSKINKE 79<sup>50</sup>

SLAKTER\* N. Pr. kg.



Tilbudene gjelder t.o.m. 16. august 2008

**BUNNPRIS**

VEDHOLMEN: MAN-FRE: 8-21 - LØR: 8-19 - SØN: 11-18